

RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

PROTOKOLL

Styre, råd, utvalg:	Møtested:	Møtedato:	Arkiv FR
Randaberg	Kontoret i sentrum	tysdag	
kirkelige fellesråd		27.05.-2025 Kl. 17.00	Møte nr. 03/2025
		OBS! Merk tida	

Til medlemmene i nye Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd	: Jakob Nærheim
Repr. Gr. Menighetsråd	: Ann-Christin H Hjellest
Repr. Rb. Menighetsråd	: Herbjørn Vestvik
Repr. Rb. Menighetsråd	: Bjørg Sivertsen Lauvsnes
Repr. valgt av kommunen	: Jarle Bø
Repr. valgt av biskop	: Eivind Kråvik - fast medlem fram til 1.nov.25
1. vararepr. Rb. MR	: Erling Tokheim
2. vararepr. Rb. MR	: Brigt Bø
1. vararepr. Gr. MR	: Trond Goa
2. vararepr. Gr. MR	: Anne-Grethe T Vistnes
Vararepr. valgt av kommunen	: Rune Øygard
Vararepr. valgt av biskop	: Sokneprest i Grødem kyrkje

SAKLISTE:

FR sak 20/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste.....	1
FR sak 21/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11.02.2025	2
FR sak 22/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 10.03.2025	2
FR sak 23/2025 Revidert rekneskap for 2024.....	2
FR sak 24/2025 1.Tertialrapport for 2025	3
FR sak 25/2025 Personalsak	3
FR sak 26/2025 Årsrapport for 2024	3
FR sak 27/2025 Økonomiplan for 2026-2029	4
FR sak 28/2025 Kjøp av "Nye Landbruken".....	4
FR sak 29/2025 Vedlikehald.....	4
FR sak 30/2025 Orienteringar.....	4

Jakob Nærheim
Fellesrådsleiar

Solveig Mjøltnes Hatletvedt
Kyrkjevevje

FR sak 20/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste blir godkjent.

Saksbehandling: Det blei meldt ei sak til eventuelt: Nytt vedtak på overføring av overskot til disposisjonsfond. Saka blir tatt med i sak 23/2025 om revidert budsjett for 2024

Vedtak: Godkjent med denne kommentaren: Saklista kjem forseint, den skal ut ei veke før møtet. Vedlegg kan ettersendast.

FR sak 21/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 11.02.2025

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 11.02.2025 blir godkjent

Saksbehandling

Gjennomgang av protokollen frå forrige møte.

Vedtak: Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 11.02.2025 blei godkjent

FR sak 22/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 10.03.2025

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 10.03.2025 blir godkjent

Saksbehandling

Gjennomgang av protokollen frå forrige møte.

Vedtak:

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 10.03.2025 blei godkjent

FR sak 23/2025 Revidert rekneskap for 2024

Forslag til vedtak: Den reviderte rekneskapen blir godkjent

Saksbehandling: Rekneskapen frå 2024 er nå revidert og godkjent av revisor. Kanskje dette kan gjennomgå og visast på skjerm i møta. Årsrekneskapen burde Vore lagt ved sakspapira. Overskot er bra, men det har vore vakanse i staben på Grødem, som har sin pris. Det har vore sett inn lite vikarar. Flott med revisorberetning i rett tid. Når saka om godkjenning av årsrekneskapen blei gjort i mars, var det ein reknefeil i investeringrekneskapen. Udekka sum er 352 810 kr. Summen på overskotet blir 16 910 kr lågare enn i sist vedtak. Summen som blir overført til ubunde fond blir dermed 387 985 kr.

Vedtak: Den reviderte rekneskapen blei godkjent og mindreforbruket i driftsrekneskapen på kr 740 795, fratrasket udekket beløp i investeringsrekneskapen på kr 352 800, blir overført til ubundne fond

FR sak 24/2025 1.Tertialrapport for 2025

Forslag til vedtak: Tertialrapporten blir tatt til orientering

Saksbehandling: Tertialrapporten er god. Rekneskapen er delvis peiodisert, feste og stellavtalar er ikkje periodisert. Det er komme inn ein del sjukepengar som kan vega opp at det er litt underskot på lønskontoane. Bra å få tertialrapport som me kan orientera oss etter.

Vedtak: Tertialrapporten blir tatt til orientering

FR sak 25/2025 Personalsak

Forslag til vedtak : Kyrkjeverja føreslår å gå for det første alternivet; ein dagleg leiar for begge menighetane og dei endringane ein må gjera elles i stabane slik det kjem fram av sakrsutgreiinga. Dette vil gi den største innsparinga på administrasjonsressursane og vil gi oss ein meir bærekraftig økonomi framover.

Saksbehandling: Fellesrådet ønsker å finne løysinger som i størst mogleg grad bidreg til å nå menighetenes strategiske mål innføre dei økonomiske rammene ein har. Fellesrådet ønsker at kyrkjeverja arbeider vidare med ein organisasjonsstruktur der ein ivaretar dei administrative funksjonane, herunder dei tilsette, på best mogleg måte, utan foreløpig å lyse ut stillingen som dagleg leiar. Ein bør jobba for store stillingar og ikkje så mange låge prosentstillingar.

Vedtak:

- 1.Ein lyser ikkje ut etter stilling som dagleg leiar, men rekruterer den blant dei tilsette.
- 2.Kyrkjeverja blir beden om å samordne dei administrative resursane
- 3.Kyrkjeverja skal ha møte saman med sokneråda og fellesrådet for å sjå på samordning av ressursane totalt – dette for å få til mest mogleg utadretta arbeid.

FR sak 26/2025 Årsrapport for 2024

Forslag til vedtak: Årsrapporten for 2024 blir tatt til orientering

Vedtak: Årsrapporten blir tatt til orientering, men ein må gjere små admin oppdateringar

FR sak 27/2025 Økonomiplan for 2026-2029

Forslag til vedtak: Økonomiplanen blir godkjent

Saka gjeld: Kyrkjevevja har utarbeidd økonomiplan for 2026-2029. Ein må tydeleggjere at dette er budsjettet frå 2025 som er blitt auka med omlag 5%. Burde det vore budsjett for kvart av åra? Planen kan bli betre, men ok for møtet med kommunen.

Vedtak: Økonomiplanen blir godkjent, nokre administrative oppjusteringar må gjerast

FR sak 28/2025 Kjøp av “Nye Landbruken”

Forslag til vedtak: Fellesrådet støttar Randaberg menighet sitt kjøp av “Nye landbruken” til grupperom og kontorlokale for Randaberg og Grødem menigheter. Ein bind seg til ein leigepreis på 300 000 kr pr år, pluss indeksregulering anna kvart år.

Saksbehandling: Dette er eit spennande prosjekt. FR er i ein prosess med strategiske beslutningar rundt både lokalisering og organisering av ressursane i menigheten. Eit felles menighetslokale kan opne opp for nye moglegheiter rundt dette. Samtidig synest FR det er for tidleg å binde seg til ei framtidig leieforpliking før dette strategiske arbeidet er meir avklart. Spørsmål ein stiller seg er om “Nye landbruken” er for sal? Har me rett pris? Har me ein opsjonsavtale med Coop? FR ønsker å få fleire svar før ein tar endeleg avgjersle i saka.

Vedtak: FR tar saka til informasjon. FR ber kyrkjevevja om å henta inn ei avklaring frå Bispekontoret om det økonomiske og juridiske ansvaret omkring eigarskap og drift av eigdommen. FR ønskjer også at ein representant frå komiteen og Randaberg menighet legg fram ein presentasjon av prosjektet, og ser fram til vidare orientering på neste møte.

FR sak 29/2025 Vedlikehald

Forslag til vedtak: FR prioriterer først maling av Randaberg kyrkje og deretter utvendig belysning av begge kyrkjene i inneverande år.

Vedtak: FR prioriterer først maling av Randaberg kyrkje og deretter utvendig belysning av begge kyrkjene i inneverande år.

FR sak 30/2025 Orienteringar

Forslag til vedtak: Sakene blir tatt til orientering

a. Personalsituasjonen – sjukemeldingar - utlysing

- b. Overgang til trådløst internett i Randaberg kyrkje
- c. Maling av Randaberg kyrkje skal bli gjort i Fellesferien nå i juli. Nyma har fått Oppdraget.
- d. Neste FR-møte er torsdag 2.sept

Vedtak: Sakene blir tatt til orientering